

Den Kongelege Norske St Olavs Orden til sivilingeniør Knut Åm

**Tale ved utdeling torsdag 11.09.2014 – Lerchendal Gard, Trondheim
Arrangør: Norges Tekniske Vitenskapsakademi.**

Mitt namn er Harald Thune, og er assisterande fylkesmann i Rogaland. Det er alltid ei stor ære og glede å vere Kongens representant i fylket, og i dag er det også litt spesielt å representere Kongen i eit heilt anna fylke enn Rogaland. Eg må også seie meg lei for at fylkesmannen sjølv Magnhild Meltveit Kleppa, ikkje kunne stille opp likevel, og de må ta til takke med assisterande.

Og så er det alltid stas å vere fylkesmann, men det må nok erkjennast at det er særskilt gledeleg og ærefullt ved slike høve.

Så til alle dykk som måtte vere i tvil. Mitt oppdrag i dag er på vegner av Kong Harald å utnemne sivilingeniør Knut Åm til Riddar av 1. klasse av Den Kongelege Norske St. Olavs Orden.

Men før eg føretek den høgtidelege handlinga må eg få lov til å seie litt om ordenen og statuttane for denne.

St. Olav Orden vart stifta av Kong Oscar I. alt i 1847. Dagens statuttar er frå 15. januar 1997. Her heiter det i § 1 kort og godt. "Denne orden tildeles som belønning for utmerkede fortjenester for fedrelandet og menneskeheten". Og i § 2 "Norges Konge er ordenens Stormester". Kongen tildeler medaljen etter tilråding frå ordensrådet, som er oppnemnt av Kongen etter innstilling frå statsministeren.

Knut Åm er av H M Kong Harald V utnemnd til Riddar av 1. klasse av Den Kongelege Norske St. Olavs Orden for sin innsats innan utvikling av norsk petroleumsnæring.

Bak den korte grunngjevinga: «utvikling av norsk petroleumsnæring» ligg det svært mykje, og når eg no kort går gjennom Knut Åm sitt liv og virke (til no), vil de alle forstå kvifor Kongen her funne kandidaten kvalifisert til Riddar-tittelen:

- Knut Åm er utdanna ingeniør frå Norges Tekniske Høgskule, som skolen heitte den gongen, frå berglina. Resultata viser at han var ein sær s evnerik student.- ferdig i 1967.
- Han starta yrkeskarriæra si i NGU (Norges geologiske undersøkelse). Deretter Oljedirektoratet i Stavanger, der han var

seksjonsleiar for Produksjon og Utvikling og sjefsingeniør i
Kontrollavdelinga

- Statoil i 1979 – Direktør for forskning og utvikling. Deretter hamna han i 1982 i Philips Petroleum Company i 1982 - i ulike leiarstillingar både i USA og Noreg – før han blei president og administrerende direktør for Philips Petroleum, Noreg og dermed leiar for 3000 tilsette på Ekofisk, Tananger, Oslo, Teeside om Emden.
- Og ei nærmast endelaus rekkje av styreverv, andre verv og funksjonar både nasjonalt og internasjonalt.

Knut Åm får ikkje denne utmerkinga (berre) for å ha hatt alle desse ulike posisjonane i Norge som ung oljenasjon, men først og fremst for kva han har gjort og fått til i desse posisjonane.

Store forskings- og utviklingsoppgåver og bragder, store og gigantiske utbyggingstiltak, også i vanskeleg tider med behov for innsparingstiltak og med betydelege økonomiske utfordringar,. Dette ber Åm sitt stempel.

Norge har vore oljenasjon i berre 40 år, kompetansen har vorte til undervegs. Knut Åm har hatt både kompetanse, skaparevne, pågangsmot og evne til å takle både nasjonen Norge sine behov, næringa sine behov og dei tilsette sine behov, ikkje minst når det gjeld tryggleik og sikkerheit i ei krevjande og risikofyllt næring til havs. Han her markert seg med innsikt og kunnskapar alle stader der han har hatt sitt virke. Det er heilt uråd for meg å nemne alle dei prosjekt, forskingsoppgåver eller rapportar Åm står bak. Initiativtakarane, med Norges Tekniske Vitenskapsakademi i spissen, og med fleire støttespelarar her særskilt framheva følgjande:

- Tolking av aeromagnetiske målingar i NGU, der han i fleire publikasjonar viste store sedimentbasseng i Skagerak, Norskehavet og Barentshavet.
- Komitéarbeid om behovet for sikkerheit og beredskapsforskning – fram til Stortingsprp. og svære forskingsprogram
- Oppbygging av forskingsavdelinga i Statoil
- Vassinjeksjonsprosjektet og det store oppjekkingsprosjektet og nyutbygging på Ekofisk – som førte til utvida levetid og ein kraftig auke i reservane på sokkelen.
- Rapporten frå utvinningsutvalet i 2010 («Åmutvalet»), som har medverka til å setje teknologi og auka utvinning på dagsorden, både hos styresmaktene og i industrien

- Formidling av forskning og kunnskapar, gjennom sitt virke som redaktør og medredaktør i fleire tidsskrift – og forfattar av ulike vitenskaplege artiklar – manifestert i ei lang rekkje tidsskrift og rapportar

Eg vil også særskilt trekke fram arbeid for sikkerheit på sokkelen, arbeidsmiljø på sokkelen og dei før nemnde vassinnsprøytings- og oppjekkingsprosjekt – på Ekofisk.

Nasjonen – og særskilt oljenasjonen Norrg har mykje å takke Knut Åm for. Og hans kompetanse, evner og personlege eigenskapar har i sanning vore nødvendige i utviklinga av norsk petroleumsnæring. Ikkje mange nordmenn hadde denne kompetansen og desse evnene då vi trengde dei som mest.

Knut Åm har vore ein framifrå ambassadør, ikkje berre for norsk industri, men også for heile nasjonen.

Det ligg mykje hardt arbeid bak Åm sine resultat og innsats, men også klokskap, kreative evner og ikkje minst utvikling av eigen og andre sin kunnskap. Han har på ein eineståande måte kombinert ingeniørfaget, forskartrongen og leiareigenskapane, og dermed sett varige spor etter seg i ein olje- og gassnasjon, som på kort tid har utvikla seg frå ingenting til topp kompetanse på dei mest avansetre teknologiske område som finst, og dette på dei mest krevjande utvinningslokalitetane i verda. Sjølv om Knut Åm offisielt er pensjonist, så har eg forstått det slik at han framleis stiller opp for petroleumsnæringa. Håper vi klan dra nytte av hans eigenskapar og kunnskapar i mange år enno!

Etter desse orda, vil eg be den nyslåtte riddaren, Knut Åm, å komme fram å ta imot det synlege beviset på utmerkinga.

Gratulerer!

Harald Thune
ass.fylkesmann